

## Oppfølgingsliste 4/2016

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Sak-nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
14/15	FR – Tryggleik og beredskap – oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14	25.3	Januar 2017	<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 10. februar 2015 frå fylkesrådmannen til orientering</li> <li>2. Kontrollutvalet ber om orientering om status i KU-møte 25. august 2015 for oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14.</li> <li>3. Kontrollutvalet ber om ny oppfølgingsrapport innan 15. januar 2016.</li> </ol> <p>Vedtaket sendt til frm med kopi til ass frm. 26.3.2015. Sjå sak 38/15 pkt. 3 Orientert om i KU 260116 i KU-sak 10/16. Bedt om utsetting til 31.12.16</p>
33/15	FR 2010 – Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane - oppfølging våren 2015	26.08	April 2016	<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kontrollutvalet tek notat frå fylkesrådmannen datert 10.06.2015 – Retningslinjer for byggerekneskap i Sogn og Fjordane fylkeskommune - til vitande.</li> <li>2. Kontrollutvalet vurderer tilrådingane 1 og 6 – 9 i tillegg til punkt 3 i vedtaket i FT-sak 2/11 til å vere oppfølgde.</li> <li>3. Kontrollutvalet ber om ein ny status på tilrådingane 2 – 5 innan utgangen av mars 2016.</li> </ol> <p><b>AVSLUTTA</b></p>
43/15	FR – Læringsmiljø og PP-tenesta - rapport	01.10	April – 2016 September 2016	<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av læringsmiljøet i vidaregåande skule vert teken til etterretning</li> <li>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp revisor sine tiltak i kapittel 7 i rapporten.</li> <li>1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde status på oppfølginga, og eventuell plan for vidare oppfølging, til kontrollutvalet innan 31. mars 2016.</li> </ol> <p>FT handsama saka 13. oktober 2015 i FT-sak 30/15. KU si tilråding vart vedteken. Vedtaket vart sendt Frm. 15. okt.</p> <p>Sjå sak 23/16</p>
47/15	Orientering og drøfting 3. november 2015	03.11		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kontrollutvalsboka vert å sende til medlemmane elektronisk. Når oppdatert versjon vert klar frå departementet sendast trykt eksemplar av denne til medlemmane.</li> </ol>

2/16	KU-Budsjett 2016 – Disp. av vedteken ramme	26.1	1. tertial 2016	Vedtak: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kontrollutvalet tek disponering av budsjettramma 2016 til vitande</li> <li>2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å fremje sak om justering av ramma på bakgrunn av auka kostnader til SF revisjon IKS 2016, og eventuelt endra kostnadsstruktur på det nye utvalet i samband med 1. tertial-rapportering 2016.</li> </ol>
5/16	FR – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport – oppfølging av vedtak	26.1	August 2017	Vedtak: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av tilrådingane til vitande.</li> <li>2. Kontrollutvalet vurderer punkt 2, 4 og 5 til å vere oppfølgde</li> <li>3. Kontrollutvalet ber om ny rapport når dei resterande punkta, 1a – 1f er ferdig oppfølgde seinast 30. juni 2017.</li> </ol>
7/16	FR – Fylkesarkivet – oppfølging av vedtak	26.1	15. august 2016	Vedtak: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av vedtak i FT-sak 3/15 til vitande.</li> <li>2. Kontrollutvalet ber om status i arbeidet med utarbeiding av vedtekter for kommunearkivordninga og i arbeidet med nye rutinar for systematiske risikovurderingar innan 15. august 2016.</li> </ol>
11/16	Skriv, meldingar og orienteringar 3. mars 2016	03.03		Vedtak: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Orientering frå leiar og kontrollsjef <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Oppdrettsanlegg Torvund. Fiskeridirektoratet slår, iflg. Firda, fast at fylkeskommunen har gjort fleire sakshandsamingsfeil i klagehandsaming av denne saka. Feila skal vere at merknadane frå klagarane ikkje skal vere behandla og at det ikkje er gjort ei konkret vurdering av dei konkurrerende interessene.</li> </ol> <p><i>Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om orientering i neste møte. Sjå sak 20/16</i></p> <p><b>AVSLUTTA</b></p> <li>b. Orientering om gjennomført tilsyn av fylkesmannen om forvaltningskompetanse Firda vidaregåande skule. Kontrollutvalet får framlagd sak når oppfølginga frå fylkeskommunen er ferdig.</li> </li></ol> <p><i>Orienteringa vart teken til vitande.</i></p>

				<p>c. Trivselshagen har iflg. oppslag i NRK Sogn og Fjordane 17. februar, problem med at fliser i bassenget har begynt å losne. Bassenget er stengt inntil vidare. Dagleg leiar i Trivselshagen IKS trur at våren går med til reparasjonsarbeid.</p> <p><i>Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om orientering i neste møte om eventuell oppfølging av eigarane ang. saka. Kontrollutvalet ber også sekretariatet ta kontakt med SEKOM vedrørende vurdering av eventuell oppfølging frå kontrollutvala si side.</i></p> <p>Sjå sak 20/16 <b>AVSLUTTA</b></p> <p>d. NDLA – Digitale læremidlar for vidaregåande skule. Interkommunalt samarbeid. 18 fylkeskommunar deltek i samarbeidet, deriblant Sogn og Fjordane. Hordaland fylkeskommune er juridisk ansvarleg eining. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har gjennomført forvaltningsrevisjon, og det er avdekka fleire brot på lov om offentlege anskaffingar. Rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon skal handsamast av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 8. mars.</p> <p><i>Kontrollutvalet ynskjer orientering om status i neste møte.</i></p> <p>Sjå sak 22/16 <b>AVSLUTTA</b></p> <p>e. Studietur for kontrollutvala for fylkeskommunane på Vestlandet til Brussel 18. – 21. september 2016. Sekretariata arbeider med program for samlinga. Hotell vert reservert i nær framtid.</p>
--	--	--	--	--

				<p>Det vart orientert om budsjett for studieturen.</p> <p><i>Utvalet kom med innspel til program. Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p><b>AVSLUTTA</b></p>
15/16	FR – Tryggleik og beredskap – oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14	03.03	31.12.2016	<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 19. januar 2016 og orientering i kontrollutvalet 26. januar til vitande.</li> <li>2. Frist for oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14 vert sett til 31. desember 2016</li> <li>3. Kontrollutvalet ber om ny oppfølgingsrapport innan 31. desember 2016.</li> </ol>
19/16	Eigarposisjonen i Fjord1 AS – Utbetalingane til Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Services AS	03.03	April 2016	<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kontrollutvalet meiner at rutinane og fakturakontrollen som har vorte gjennomført i samband med utbetalingane til Wiersholm og DHT, har vore tilfredsstillande til å ivareta utbetalingane sin rettmessighet. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at fylkeskommunen sine eigne rutinar, eller lov og forskrift, er broten i samband med utbetalingane. Kontrollutvalet ser ikkje grunnlag for å gjennomføre ytterlegare undersøkingar eller kontrollhandlingar i saka.</li> <li>1. Kontrollutvalet ber om at SF Revisjon gjer ei vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT opp imot Lov om offentlege anskaffingar, inkl. korleis tilleggsoppdraga forhold seg til føresegnene.</li> </ol> <p>Sjå sak 27/16</p> <p><b>AVSLUTTA</b></p>
20/16	Skriv, meldingar og orienteringar 120416	12.04		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Orientering om internkontroll v/Paal Fosdal, assisterande fylkesrådmann</li> </ol> <p><i>Assisterande fylkesrådmann orienterte om status på internkontrollarbeidet i fylkeskommunen. Fått på plass policy for IKT-sikkerhet i 2015. Justering av rutinane vedr. fakturabehandling i 2015. Revisjon av delegeringsreglementet er planlagt behandla i fylkestinget i juni 2016.</i></p> <p><i>Vedtak: Orienteringa vart teken til vitande. Forvaltningsrevisjonsprosjekt Internkontroll er ferdig oppfølgt. Ytterlegare orienteringar om</i></p>

				<p><i>internkontroll ved behov.</i></p> <p><b>AVSLUTTA</b></p> <p>2. Orienteringar v/fylkesrådmannen</p> <p><b>a.</b> Fiskeoppdrettsanlegg Torvund v/Frode Hovland, Seniorrådgjevar Næring og kultur</p> <p><i>Kontrollutvalet ba fylkesrådmannen om orientering om denne saka etter avisoppslag i Firda 25. januar i år, som utvalet vart orientert om i møte 3. mars. I avisoppslaget kom det fram at Fiskeridirektoratet i november 2015 slo fast at fylkeskommunen hadde gjort fleire sakshandsamingsfeil i klagehandsaminga av saka. Det vart orientert om sakshandsaminga og Fiskeridirektoratet sine påpeikingar av tre sakshandsamingsfeil. Saka er no ferdigbehandla i forvaltningsapparatet. Omfanget av konsesjonen er den same som før klagebehandlinga, men med færre merder.</i></p> <p><i>Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p><b>AVSLUTTA</b></p> <p><b>b.</b> Trivselshagen IKS – problem med lause fliser i bassenget v/Jan Tore Rosenlund, Bygg- og eigedomssjef</p> <p><i>Bygg- og eigedomssjef orienterte kontrollutvalet om problema i Trivselshagen sitt badeanlegg så langt fylkeskommunen hadde kjennskap til saken. Fylkeskommunen har ei eigarrolle i høve til Trivselshagen, men var ikkje involvert i prosjektgjennomføringa. Det var Trivselshagen IKS som var byggherre ved etablering av badeanlegget, og som er eigar av anlegget idag. Prosjekteringa var utført av Norplan AS. Asplan Viak gjennomførde 3. partskontroll av prosjekteringa. Utførande</i></p>
--	--	--	--	---

				<p><i>entreprenør var Veidekke AS. Spørsmål som må avklarast er om problema kan skuldast feil ved prosjektering og/eller om det er feil ved utføring.</i></p> <p><i>Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p><b>AVSLUTTA</b></p> <p>3. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS</p> <p>a. Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune</p> <p><i>Det er sendt ut dokumentførespørsel. Framdrifta i prosjektet er i samsvar med planen for gjennomføring. Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p><b>AVSLUTTA</b></p> <p>b. Inneklima og vedlikehald av fylkeskommunale bygg</p> <p><i>Prosjektet er i avslutningsfasen. Skulle ha vore ferdig 31. mars, men fylkesrådmannen ba om utsetting på høyringsfristen til 29. april på grunn av stort arbeidspress. Rapporten vart klar ca. 1. mai. Orienteringa vrt teken til vitande.</i></p> <p><b>AVSLUTTA</b></p> <p>4. Informasjon frå NKRF/FKT</p> <p>a. Kommunereformen – val av kontrollutvalssekretariat og revisor</p> <p><i>Informasjonen er teken til orientering.</i></p> <p><b>AVSLUTTA</b></p> <p>5. Orienteringar frå leiar og kontrollsjef</p> <p>a. Status på vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT opp mot Lov om offentlege anskaffingar, ref. saksprotokoll KU-sak 19/16 pkt. 2.</p> <p><i>Kontrollutvalet ba om at det vart sett opp sak i møtet for behandling av denne saka.</i></p> <p>Sjå sak 27/16</p> <p><b>AVSLUTTA</b></p>
--	--	--	--	--

				<p>b. Revisjon av Delegeringsreglementet</p> <p><i>Kontrollutvalet ba sekretariatet om sak om delegeringsreglementet til neste møte</i></p> <p>c. Forslag til ny kommunelov</p> <p><i>Kontrollutvalet vil vurdere å gi høyring til lovutkastet</i></p> <p>d. Innkalling til representantskapsmøte og generalforsamlingar</p> <p style="margin-left: 40px;">i. <i>SF revisjon IKS, 22. april – Einar stiller</i></p> <p style="margin-left: 40px;">ii. <i>Trivselshagen IKS, 27. april – ingen</i></p> <p style="margin-left: 40px;">1. <i>Firda Billag AS 25. mai – Frank Willy</i></p> <p>d. Status studietur Brussel</p> <p><i>Hotell er reservert. Programforsla er mottatt. Utvalet tykte programutkastet var godt. Viktig at programpostane er retta mot kontrollfunksjonen</i></p> <p>e. Orientering om endring av kostnader for kontrollutvalet</p> <p><i>Kontrollsjef orienterte om kostnader for kontrollutvalet. Dette vert sendt som innspel til tertialrapport. Kostnad for forvaltningsrevisjon av NDLA i regi av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vert lagt inn i kostnadsauken. Orienteringa vart teken til vitande</i></p> <p>f. Politikardagar i april og mai</p> <p>Kontrollutvalet vedtok følgjande:</p> <p style="margin-left: 40px;">i. 18. april – kontrollutvalet stiller ikkje</p> <p style="margin-left: 40px;">ii. 12. mai – kontrollutvalet stiller ikkje</p>
--	--	--	--	---

				iii. 30. mai – kontrollutvalet stiller
21/16	FR – Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane fk – oppfølging av tilrådingar 2 – 5 i rapporten	12.04		Vedtak: 1. Kontrollutvalet tek notat frå fylkesrådmannen med oppfølging av tilrådingar, datert 18. mars 2016, til vitande. 2. Kontrollutvalet vurderer oppfølging av vedtaket i FT - sak 2/11 til å vere ferdig. <b>AVSLUTTA</b>
22/16	FR NDLA	12.04		Vedtak: 1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til å dekke 1/18 av kostnadane til «Forvaltningsrevisjon NDLA II» i regi av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune. 2. Kontrollutvalet løyver inntil kr. 25 000 til dette føremålet. <b>AVSLUTTA</b>
23/16	FR – Læringsmiljø og PP-tenesta – oppfølging av vedtak	12.04	September 2016	Vedtak: 1. Notat frå fylkesrådmannen – oppfølging av vedtak, vert teken til vitande 2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om ny status for oppfølging av tilråding nr. 1 i rapporten frå Deloitte innan 1. september 2016.
24/16	Verksemdplan for kontrollutvalet 2016 - 2019	12.04	FT 1904	Vedtak: Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak: 1. Verksemdplan for kontrollutvalet 2016 – 2019 vert vedteken som framlagd.
25/16	Årsplan for kontrollutvalet, ny utgåve april 2016	12.04		Vedtak: 1. Kontrollutvalet godkjenner vedlagte, oppdaterte årsplan. <b>AVSLUTTA</b>
26/16	Oppfølgingsliste 3-16	12.04		Vedtak: 1. Oppfølgingsliste 3 - 2016 vert teken til vitande <b>AVSLUTTA</b>
27/16	Eigarposisjon i Fjord1 AS – Utbetalingane til Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Services AS – Vurdering av avtale	12.04		Vedtak: 1. Leiar får i samråd med kontrollsjef fullmakt til å bestille vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DH T av Deloitte AS .

Oppdatert 15.04.2016